

Vertshuset på kaia

KOMLEBUFFET MED PINNEKJØTT & SUNDEPØLSE

Torsdag 10.12.15
Fra kl.14:00 til der er tomt,
men ikke lengre enn 17- tiden

[Nytt, godt tilbud i Uskedalen.](#)

Torsdag startar det opp eit nytt middagstilbod i Uskedalen. Det kan vel ikkje starta betre enn med komle på ein torsdag? Det er Roy Lervåg i Smakifrå som utvidar tilbodet sitt på denne måten. Han tilbyr komlebuffet, og dette må jo frista både uskedelingar og andre forbipasserande no i førjulstida.

Lervåg lokkar med heimelaga komler med dott og pinnekjøtt, sundepølse og kålrabi som tilbehør. Dette må lokka mange til Oska, vertshuset på kaien, vil eg tru. Eg kjenner i alle fall at eg får 'vatn i munnen'.

Roy Lervåg opnar dørene for middagsgjester kl.14 førstkommende torsdag, og frå då vert det komler å få til det er tomt, men ikkje lenger enn til i 17-tida. Eg håpar mange sluttar opp om dette gode tilbodet. Dette er noko bygda vår treng.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland